

## Føresegner - detaljreguleringsplan for Aure, rundkøyring ved småbåthamna

**Forslagsstillar:** Sykkylven kommune

**Plan-ID:** 15282016007

**Arkivsaknummer:** 16/1205

**Dato for utarbeiding:** 24.08.17

**Revisjon:**

### § 1 Avgrensing

Reguleringsplanen omfattar kart i målestokk 1:1000 og desse føresegnene.

Reguleringsplanen er vist med reguleringsgrense på reguleringskartet. Føresegnene gjeld for areala som ligg innanfor plangrensa.

### § 2 Reguleringsformål

Planområdet er regulert til følgjande formål:

BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustad-, forretning, kontor-,tenesteyting

SAMFERDSELSANLEGG (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveggar, o\_SKV
- Gang- og sykkelveg, o\_SGS
- Gangveg/gangareal, a\_SGG
- Parkering, o\_SVT
- Annan vegggrunn, o\_SVT

GRØNNSTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 3)

- Friområde, o\_GF

FRILUFTSOMRÅDE I SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL §12-5 nr.6)

- Vass-streng og kantsone, VFS

OMSYNSSONE (PBL § 12-6, NR 1)

- Frisikt
- Støysone

OMRÅDEFØRESEGNER (PBL § 12-7, NR 1)

- Mellombels anleggsbelte

### § 3 Fellesføresegner

a) Krav om nærare dokumentasjon

Før anleggsstart skal det utarbeidast plan for avvikling av trafikk langs vegen i bygge- og anleggsperioden.

Etter avslutta anleggsperiode, og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av veganlegget, skal alle råka område settast i stand og revegeterast og tilbakeførast til det formål som er vist på plankartet.

- b) Byggegrense langs offentlig veg  
Byggegrense til veg følger veglova der anna ikkje er vist på plankartet.
- c) Landskapsbehandling og terrengtilpassing  
Nytt veganlegg skal utførast slik at vegen vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terrenget slik at sideområda får ei estetisk god utforming, og slik at overgangen mot eksisterande terreng vert så naturleg som mogleg.

Alle råka areal tilknytt veganlegget skal settast i stand og re-vegeterast med bruk av eksisterande vekstmassar som vert lagra i anleggsperioden. Areal som er tatt i bruk til anleggsverksemd skal tilbakeførast til det formål som er vist på plankartet.

Støttemurar kan nyttast der det er naudsynt.

#### § 4 Bygningar og anlegg

- a) Bustad, forretning, kontor, tenesteyting  
Område merka BFKT blir vidareført i samsvar med formål i godkjend reguleringsplan for gnr 14 bnr 433. Ved utbygging av området skal føresegnene til plan for gbnr 14/433 leggest til grunn.

#### § 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- a) Veg  
Fv. 60(Sykkylvsvegen), fv. 73 (Dalevegen) og Ullavikvegen er regulert til offentlig vegar og er merka hhv o\_SKV1, o\_SKV2 og o\_SKV3.
- b) Gang og sykkelveg  
Arealet merka o\_SGS 1-4 skal nyttast til gang- og sykkelveg og har regulert breidde på 3,5 meter.
- c) Gangveg/gangareal  
Innanfor arealet a\_SGG kan det etablerast snarveg i form av trappetilkomst.
- d) Parkering  
Dagens parkeringsanlegg ved småbåthamna er merka o\_SPA.
- e) Annan veggrunn, teknisk  
Arealet er merka O\_SVT og kan nyttast til skjeringar, fyllingar og grøfter, rekkverk og murar.

Innanfor område er det lov å lagre vekstmasser der det er hensiktsmessig.

Mindre endringar i skråningsutslag vil kunne skje som følgje av uventa forhold som for eksempel grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal

disponerast til vegformål vil fråvike noko frå det som går fram av formålsgrensene i planen. Areal som ikkje blir disponert til vegformål vert føresett brukt som tilstøytande formål.

## § 6 Grønstruktur

### Friområde

Området o\_GF1 omfattar opparbeida friområde som er regulert i plan for Pilkvitla. Området o\_GF2 omfattar dagens opparbeidd friområde avsett i kommunedelplan for sentrum.

## § 7 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Området omfattar elveosen, vass-streng og kantsone langs Aureelva og er merka VFS 1 og 2.

## § 8 Omsynssone

### Frisiktssone

Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegars nivå. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillate. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsona. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

### Støysone

Raud støysone er vist som i gjeldande reguleringsplan for gbnr 14 /443.

## § 9 Områdeføresegner

### Mellombels anleggsbelte

Område med mellombels anleggsbelte kan nyttast til anleggsområde så lenge anleggsarbeidet pågår. Anleggsbeltet kan nyttast til anleggsdrift og riggområde for byggherre/entreprenør.